

Til generalforsamlinga i Valen Kraftverk AS

Fråsegn om utgreiing ved oppgjer av aksjeinnskot ved motrekning

Vi har kontrollert utgreiinga datert 7. mai 2018 i forbindelse med slutninga om at Hordaland Fylkeskommune skal kunne gjere opp innskotsforpliktinga for aksjar i Valen Kraftverk AS ved motrekning. Utgreiinga inneheld styret sin presentasjon av opplysningar som stemmer overeins med dei krav som stillast i aksjelova § 2-6 første ledd nr. 1 til 4 og styret si erklæring om at gjelda som skal motreknast, har ein verdi som minst svarar til vederlaget.

Styret sitt ansvar for utgreiinga

Styret er ansvarleg for å utarbeide utgreiinga.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å uttale oss om utgreiinga på grunnlag av vår kontroll.

Vi har utført vår kontroll og gir vår fråsegn i samsvar med standard for attestasjonsoppdrag SA 3802-1 "Revisors uttalelser og redegjørelser etter aksjelovgivning". Standarden krev at vi planlegg og utfører kontrollar for å oppnå tryggande sikkerheit for at utgreiinga inneheld lovpålagte opplysningar og at gjelda som skal kunne motreknast, minst svarer til det avtalte vederlaget. Arbeidet omfattar kontroll av at gjelda er ei reell betalingsforplikting og at skildringa av den er hensiktsmessig og dekkande som grunnlag for vurdering om gjelda kan motreknast som oppgjer for innskotsforplikting for aksjar. Etter vår oppfatning er innhenta bevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening inneheld utgreiinga datert 7. mai 2018 dei opplysningane aksjelova § 2-6 første ledd nr. 1 til 4 krev og at den gjeld som skal kunne motreknast, svarar etter vår mening minst til det avtalte vederlaget i aksjar i Valen Kraftverk AS pålydande kr 6 000 000.

Bergen, 5. juni 2018

BDO AS



Charlotte Bårdsen

Statsautorisert revisor